

## Informasjon til elevar ved Åsane vidaregåande skule om retten til meir opplæring i fag

### Kva er retten?

Elevar og deltakarar som har gjennomført opplæringa utan å få bestått standpunktkarakter eller eksamenskarakter, har rett til meir opplæring. Dette gjeld elevar som har fått karakteren 1 i standpunkt eller til eksamen, elevar som ikkje møtte til eksamen, og elevar som har fått karakteren IV. Dette gjeld berre om du har følgd opplæringa til og med 1. mars. Du kan ikkje ha slutta eller gått over fráværsgrensa per 1. mars.

Dei som har gjennomført, men ikkje bestått opplæringa, og som har opplæringsrett etter oppl. § 5-1, har rett til meir opplæring som elev, jf. opplæringsforskrifta § 5-2.

For vaksne deltakarar tekne inn til opplæring for vaksne (oppl. § 18-3), vil retten til meir opplæring gjelde i fag som er del av opplæringa dei får etter § 18-3.

Hovudregelen er at elevar som får meir opplæring skal få ny standpunktkarakter og ikkje ha eksamen. Om eleven treng eksamen for å oppfylle vitnemålskravet, skal eleven trekkjast ut til eksamen.

### Informasjon for elevar som skal gå på skule skuleåret 2026–2027

Dei elevane som skal gå på offentleg skule i Vestland fylkeskommune skuleåret 2026/2027, treng ikkje søkje meir opplæring. Skulen der eleven startar 1. august har ansvar for å følgje opp sine elevar som treng meir opplæring. Det blir henta ut ein rapport over elevar som har fag med karakter 1 og/eller IV. Skulen har ansvar for å gje desse elevane og deltakarane eit tilbod om meir opplæring.

Ønskjer du meir informasjon, kan du lese på fylkeskommunen si nettstad:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/meir-opplaring/>

### Informasjon for elevar som ikkje skal gå på skule skuleåret 2026–2027

Viss du ikkje skal gå på skule skuleåret 2026/2027, til dømes fordi du **skal ut i lære**, ut i jobb eller anna, må du søkje om meir opplæring her:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/meir-opplaring/>

Fristen for å melde at du vil ha meir opplæring er **10. august**. Om du oppfyller krava til meir opplæring og har søkt innan fristen, har du rett på eit tilbod om meir opplæring frå neste skuleår. Dei som melder seg etter fristen, kan få tilbod viss det er kapasitet.

Når du har meldt ifrå om at du ønskjer meir opplæring i eitt eller fleire fag, vil skulen sjekke om du har rett til dette. Du får då eit vedtak som stadfestar om du har rett til meir opplæring eller ikkje.

Meir opplæringa kan ha ulike former, og det er fylkeskommunen som avgjer kva tilbod som blir gitt. Om du melder frå innan 10. august, vil skulen du sist gjekk på då du fekk karakteren 1 eller IV i faget, ta kontakt med deg for å organisere eit tilbod. Dette vil skje i løpet av august/september. Tilbodet frå skulen må du takke ja eller nei til. Takkar du nei, får du ikkje meir opplæring dette skuleåret.

### Ulike måtar å organisere meir opplæringa på:

Kva tilbod den enkelte elev eller deltakar får, er basert på korleis skulen praktisk kan organisere meir opplæring. Komprimert opplæring er ikkje ein rett, og fylkeskommunen står fritt til å tilby opplæring i fag gjennom heile skuleåret.

### For elevar under opplæring på VG1, VG2 eller VG3 finst følgjande alternativ:

- Ta faget om att. Elevane blir tekne inn i ordinær undervisning i gruppe og tek faget om att. Dersom eleven har svært låg måloppnåing i faget frå før, kan dette vere eit eigna tilbod.

- Faget blir gitt som eit komprimert tilbod i faggruppe på eigen skule. Dette kan gjerast ved å nytte eventuelle fritimar eller disponere om timar frå andre fag. Skulen fastset eit timetal og tidspunkt for gjennomføring. Dette tilbodet kan vere eigna for dei som ikkje har fått tilfredsstillande måloppnåing i delar av faget.
- Komprimert tilbod med fokus mot NUS-eksamen. Elevar som skal ha ny og utsett eksamen, bør få eksamensretta opplæring før NUS-eksamen på hausten. Dei som ikkje består NUS-eksamen, skal få ein ny standpunktkarakter og eventuelt ein ny eksamen. Dette kan vere eigna for dei som har bestått standpunkt, men ikkje bestått eller har dokumentert fråvær til eksamen.
- Delta i enkelttimar/fag i ei undervisningsgruppe i løpet av året. Dette er for elevar som ikkje består NUS-eksamen på hausten og treng ny standpunktvurdering i faget.
- Andre tilbod som skulen meiner er føremålstenlege.

**For elevar som er ferdige med ordinært løp i skule (ferdige med VG2/VG3 yrkesfag eller VG3 studieførebuande fag) finst følgjande alternativ:**

- Ta faget på nytt som elev i allereie oppretta grupper. Dette kan vere både grupper med komprimert løp og/eller grupper som følgjer undervisninga heile skuleåret.
- Intensivkurs i feriar. Aktuelle fag kan vere kroppsøving, matematikk, samfunnskunnskap, engelsk, norsk og naturfag.
- Nettkurs gjennom fylkeskommunen sin nettskule. Nettskulen vil kunngjere tilboda sine etter kvart som dei er klare. Viss nettskule ikkje passar for deg, vil du få eit tilbod om opplæring på ein skule.
- Privatistkurs: Dette vil vere eksamensretta kurs i enkelte fag. Privatistkurs blir ikkje rekna som meir opplæring, men kan vere eit alternativ for dei som ikkje er kvalifiserte til førstegongsvitnemål.